

Personleg pronomer 1.person eintal på nynorsk
SUBJEKTSFORM: eg
OBJEKTSFORM: meg

Dette er eksempel på eit a-verb. Desse verba er svake og har endinga -ar i presens. Finn fleire a-verb i teksten.

Dette er eksempel på eit sterkt verb i presens. Sterke verb har berre ei staving i presens. Finn fleire sterke verb i teksten.

Det er for mørkt å gå ned til Vågen.

Men **eg går** dit likevel.

Eg svingar til høgre i krysset bortanfor huset vårt.

Eg går til enden av vegen.

Det er lys frå stovevindaugo,

men **eg ser** ikkje folk.

Ingen **ser** meg heller.

Ved enden av vegen **går eg** inn på stien ned mot sjøen.

Eg er her så ofte at **eg** kan gå stien i blinde.

Fullmåne og kvit snø **gjer** det

lett å ta seg fram til nausta.

Sjølv om det er mørkt.

Eg tek ingen sjansar på at nokon kan sjå **meg**,

og **smyg meg** fram langs veggene.

Skvulping frå små bølger mot steinar og bryggjer

er einaste lyden **eg høyrer**.

Og stega mine som **knirkar** i snøen.

I denne setninga står verba ikkje i presens, men kan gjerne skrivast om for å kunne samanlikne presens og preteritum:

Frå plassen der eg står no, kan eg sjå huset tydeleg.
Gå på jakt etter ei setning til der verbet står i preteritum.

Eg listar meg inn i naustet som ligg nærast huset.

Frå plassen **eg stod** sist **eg** var her,

kan eg sjå huset tydeleg.

Månen **speglar seg** i eine stoveglaset.

Men det er vel ikkje berre månen som **lyser** der inne?

Er det ikkje eit lite lys til,

som **lever** og **bivrar** bak gardina?

Det er nokon der.

Dei er der enno.

Og **eg** er ganske sikker på kven dei er.

Men kvifor har dei gøymt seg i dette huset?

Korleis **visste** dei om det?

Dette verbet er eit eksempel på eit e-verb. Desse verba er svake med endinga -er i presens. Prøv å finne fleire e-verb i teksten.

Eg høyrer ingen lydar. **Eg ser** ingen rørsler.

Men likevel veit **eg** at dei **er** der.

Eg kjenner det på **meg**.

Og **eg veit** ikkje kva **eg** skal gjera med det.